

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: HELSE VEST RHF
MØTETIDSPUNKT: 10. DESEMBER 2015 kl. 1030 – 1700

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Lise Karin Strømme

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Bård Humberstet, leiar internrevisjon
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det synfaring og orientering om aktuelle tomteval for plassering av nytt sjukehusbygg på Nord Jæren.

Sak 110/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse. Sak 125/15, og 126/16 blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 5.

Forfall:

Lise Karin Strømme hadde forfall til møtet. Reidun Nyborg Johansen møtte som vara.

Dokument som var delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

- Notat til sak 111/15 Forslag til endring av protokoll frå styremøte 10.11.2015 – Sak 109/15
- Ny styresak 127/15 Lån til Pasientreiser ANS – Mine Pasientreiser
Til skriv og meldingar:
- E-post frå Curato Røntgen til Helse Vest RHF, dagsett 061215 - Vedrørende brev fra Fylkesmannen i Rogaland
- Brev frå Curato Røntgen til Helse Vest RHF, dagsett 041215 - Vedrørende brev frå Fylkesmannen
- Kopi av brev frå Frank H. Moncrieff til Helseministeren, dagsett 041215 - Nytt universitetssykehus i Stavanger
- Møtereferat frå RBU, dagsett 111115
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 031215 - Innkalling til føretaksmøte 101215
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 091215 - Innkalling til føretaksmøte 161215
- Invitasjon til Sykehuskonferansen 2016

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var ettersendt ei ny styresak – Sak 127/15 Lån til Pasientreiser ANS – Mine Pasientreiser

Styreleiar orienterte også om at det ville bli ein pause i styremøtet kl. 11.00, for å delta i felles føretaksmøte for alle regionar.

Eventuelt:

Det blei ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 111/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 10.11. 2015

Oppsummering

Etter forslag frå styremedlem Bente Pilskog, blei protokollen i sak 109/15 oppdatert som følger:

«Bente Pilskog viste til oversikten over styresaker under arbeid og minna om at styret ønskjer å få ein fagspesifikk rapport om talet på eigne lærlingar per helseføretak i Helse Vest.

Styret ønskja også ein fagspesifikk oversikt over talet på tilsette fagarbeidarar per helseføretak i Helse Vest.

Styret ønskja at punkta over inngår i halvårleg rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll.

Styret vil få framlagt ein oversikt over dette til styremøtet i februar.»

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 10. november 2015, med den endringa som kom fram i møtet.

Sak 112/15 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Nasjonal Helseatlasteneste

Styret ønskjer å haldest orientert om det vidare arbeidet med Nasjonalt Helseatlas.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 113/15 Rapportering frå verksemda per oktober 2015

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per oktober 2015 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 67 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 61 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per oktober 2014, både for innlagde døgnpasientar, dagbehandling, poliklinisk behandling og for talet genererte DRG-poeng. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå og fleire utskrivne døgnpasientar innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2014. Det totale talet liggjedøgn som er generert er lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla var låg, med 2,1 % i oktober 2015. Når det gjeld korridorpatientar har utviklinga vore positiv i oktober, særleg innan somatikken, og det gjennomsnittlege talet på korridor er historisk lågt både innan somatikken og psykisk helsevern. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg framleis på eit lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 84 % innan somatikken og 83 % innan psykisk helsevern i oktober 2015.

Per oktober 2015 var det samla sjukefråværet på 6,9 % og sjukemeldt fråvær på 5,6 %. Per oktober 2014 var det samla sjukefråværet på 6,5 % og sjukemeldt fråvær på 5,4 %. Samla sjukemeldt fråvær var 0,4 % høgare for oktober 2015 enn for oktober 2014. Per oktober 2015 hadde 61,27 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 63,44 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

For oktober 2015 var det 3 190 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i heiltidsmodulen. Sidan desember 2010 har **5 522** medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Av desse har **3 519** fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og **2 003** har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av oktober 2015 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,80 %. Det er 0,18 % høgare enn for oktober 2014.

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 56,5 mill. som er kr 27,4 mill. bedre enn budsjettet. Dette gir eit akkumulert resultat på kr 623,3 mill. som er kr 149 mill. høgare enn budsjettet. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 279 mill. høgare enn resultatkravet.

Samla investeringar per september er på kr 1,287 mrd. Dette utgjer om lag 69,6 % av budsjettet investeringsnivå i 2015. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2015 til etterretning.

Sak 114/15 Inntektsfordeling og resultatkrav 2016

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 18/6-2015 sak 060/15 B Førebels inntektsfordeling 2016 og førebels resultatkrav 2016. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt allereie før sommaren for å gi helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2015 – 2016) forslag til statsbudsjett 2016 blei lagt fram den 7. oktober 2015.

Den 30. oktober la regjeringa fram tilleggsnummer til statsbudsjett 2016 der det er lagt inn kr 11,1 mill. til dei regionale helseføretaka knytt til lovpålagd screening for tuberkulose av asylsøkjjarar. Desse midla er ikkje fordelt enno. Samtidig blei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma føreslått auka frå 0,5 til 0,6%. Dette utgjer ein reduksjon i inntektene på kr 130 mill. Samtidig blei det føreslått å tilbakeføre kr 97,5 mill. i basisramma for å gi rom for investeringar og anskaffingar. Nettoeffekten av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma auka såleis med kr 32,5 mill. til kr 200 mill.

I regjeringa si budsjettavtale som kom fram den 24. november blei det gjort ytterlegare endringar som har konsekvens for dei regionale helseføretaka sine budsjett. Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma blir auka med ytterlegare 0,1 % til 0,7%. Dette inneber at inntektene blir redusert med ytterlegare kr 130 mill., og i den siste auken på 0,1 %-poeng er det ikkje tilbakeført midlar til basisramma. Helseføretaka har allereie stramme rammer, og den siste endringa her har administrerande direktør føreslått blir handtert gjennom reduksjon av reserven. Det blir vist til nærmare omtale av reserven seinare i saka

Stortinget vil i desember vedta statsbudsjettet. Konsekvensen av statsbudsjettet med dei ovannemnde endringane er innarbeidd i denne saka. Administrerande direktør legg hermed fram forslag til endeleg inntektsfordeling 2016 og resultatkrav 2016 med basis i forslag til statsbudsjett og budsjettavtale i Stortinget. Helseføretaka skal i løpet av desember vedta sine budsjett for 2016. Sak om konsernbudsjett 2016 vil bli lagt fram for styret i februar møtet 2016.

Statsbudsjettet med tilleggsproposisjon vil bli behandla av Stortinget i desember d.å. og oppdragsdokumentet 2016 frå Helse- og omsorgsdepartementet er venta å bli sendt over til dei regionale helseføretaka tidleg i januar 2016. Det må derfor takast atterhald for budsjettmessige

konsekvensar som måtte komme som følge av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget sin endelege behandling.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok fordeling av inntektsramme 2016 for helseføretaka. Detaljert bestilling for dei enkelte helseføretaka blir lagt i styringsdokument for 2016.

Inntektsramma 2016 fordelt pr. helseføretak

INNTEKTSFORDELING 2016	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 742 975	820 569	2 801 330	590 456	-	5 955 331
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 499 928	1 883 693	5 250 087	1 610 764	0	12 244 472
Kvalitetsbasert finansiering	27 309	13 411	38 764	17 915		97 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	876 721	503 724	1 733 573	414 726	4 285 961	7 814 705
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 368	7 299	40 689	19 981		71 337
SUM, inntekt 2015 fordelt frå RHF	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245

2. Administrerande direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramma. Administrerande direktør får og fullmakt til å fordele på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF.
3. Resultatkrav for 2016 blir som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2016	80 000	40 000	170 000	7 000	14 000	1 000	0	312 000

4. Endelege investeringsrammer for helseføretaka blir fastlagt i sak om Konsernbudsjett 2016 i styremøte i februar 2016.

Sak 115/15 Risikovurdering i Helse Vest per 2. tertial 2015

Oppsummering

Risikovurderingane ved 2. tertial viser at dei aller fleste av risikoelementa som låg i raud sone ved 1. tertial no ligg i gul sone som ein følge av målretta tiltak. Hovudinstrykket er at risikonivået for dei felles risikostyringsmåla og dei verksemdspesifikke måla ligg på eit akseptabelt og handterbart nivå, og at føretaka jobbar godt med sine risiko utfordringar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til orientering og legg til grunn at helseføretaka aktivt følgjer opp arbeidet med risikovurderingane.
2. Styret legg til grunn at helseføretaka spesielt følgjer opp og rapporterer til styra på tiltak knytt til risikoelement som fell i raud sone fram til risikoen er redusert.

Sak 116/15 Felles risikostyringsmål for 2016

Oppsummering

Styresaka føreslår tre felles styringsmål med delmål for sjukehusføretaka for 2016. Styringsmåla er definerte med utgangspunkt i Program for pasienttryggleik i Helse Vest, krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument 2015 med tilleggskdokument om mellom anna reduserte ventetider for behandling og diagnostikk, samt styresak 107/15 om variasjon i ventetider og fristbrot, og i styret i Helse Vest sitt ønskje om eit HMS-mål knytt til tryggleik for tilsette (protokoll frå styremøte 4. februar 2015, sak 009/15) og styresak om HMS-arbeid og den vedtekne HMS-strategien for føretaksgruppa i Helse Vest (sak 105/15).

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til dei tre felles styringsmåla med delmål for risikostyring i Helse Vest for 2016

Sak 117/15 Dekning av oppstartskostnader – Helse Vest Innkjøp

Oppsummering

Styret i Helse Vest Innkjøp behandla i møte den 31.08.15 sak 35/15 B Budsjett 2015. Det vart i denne saka synleggjort behov for å få dekt oppstartskostnad på kr 6,5 mill. og kostnader til 5 nye stillingar på kr 1,1 mill. I tillegg er det behov for å dekke investeringskostnader knytt til inventar/kontormøblar og videokonferanseutstyr til kontorlokala i Bergen og Stavanger på til saman kr 1,95 mill.

Helse Vest innkjøp har i brev datert 31.08.15 søkt Helse Vest om finansiering av dei nemnde kostnadselementa som er omhandla i ovannemnde sak. Samla finansieringsbehov utgjer kr 9,35 mill.

Administrerande direktør vil etter ein samla vurdering tilrå at det blir gitt eit eingongstilskot til Helse Vest Innkjøp for å dekkje følgjande utgifter i 2015:

- Oppstartskostnader	kr 6,5 mill.
- 5 nye stillingar	kr 1,0 mill.
- Naudsynte investeringar i kontorlokala	<u>kr 1,95 mill.</u>
SUM	<u>kr 9,35 mill.</u>

Vedtak (samrøystes)

Helse Vest RHF tildeler Helse Vest Innkjøp HF kr 9,35 mill. til dekning av oppstartskostnader og investeringar i 2015.

Sak 118/15 Investeringstiltak for oppgradering av sentralblokk i Helse Bergen HF

Oppsummering

Helse Bergen har gjennom investeringsplanane klart å gjennomføre ein heil rekke prosjekt knytt til bygg, anlegg og utstyr både på kort og lang sikt. Gjennom desse prosjekta har ein og klart å møte pålegg og krav frå myndighetene og lukka avvika fortløpande. Helse Bergen har likevel eit betydeleg vedlikehaldsetterslep og relativt akutte behov for å oppgradere infrastruktur innan elektro, VVS og heis/transport i dei kommande åra fram til 2020. I den samanheng er det behov

for å gjere oppgraderingar i Sentralblokk m.a. knytt til poliklinikkane og traume- og intensivfunksjonen for betre pasientbehandling og pasienttryggleik.

Det er utarbeidd ein modifisert konseptrapport som også har vore gjenstand for ekstern kvalitetssikring. I den modifiserte konseptrapporten er det ikkje lagt inn alternative vurderingar då enkeltprosjekta kvar for seg ikkje er underlagt dei krava som ligg i Tidlegfaseveiledaren.

Den samla prosjektporteføljen knytt til renovering vil vere om lag kr 500 mill. Helse Bergen søker om å få lånefinansiering på kr 350 mill. til gjennomføring av prosjektet.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest godkjenner samla prosjekt knytt til oppgradering av sentralblokk i Helse Bergen med totalt kr 500 mill.
2. Styret i Helse Vest gir administrerende direktør fullmakt til å søkje Helse- og omsorgsdepartementet om lån på kr 350 mill.
3. Helse Bergen må styre og prioritere investeringane innafor det tilgjengelege finansielle grunnlaget, og dersom det ikkje blir gitt lån må det takast ei ny prioritering av rekkefølga på investeringsprosjekta

Sak 119/15 Nasjonal IKT – strategi 2016 - 2019

Styresaka er felles for alle 4 RHF, og er difor ikkje skriven på nynorsk.

Oppsummering

Hensikt med denne saken er at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til «*Strategi for Nasjonal IKT HF – En felles IKT-strategi for spesialisthelsetjenesten*» utformet av Nasjonal IKT. Dennes strategien skal understøtte helse- og omsorgssektorens IKT-konseptvalg («én innbygger – én journal»), og være et bidrag til å øke samordning innen IKT i spesialisthelsetjenesten og sektoren forøvrig.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til «*Strategi for Nasjonal IKT HF – En felles IKT-strategi for spesialisthelsetjenesten*».

Styret ber administrerende direktør sikre gjennomføring av strategien, gjennom oppdrag gitt i eierlinjen til Nasjonal IKT HF.

Sak 120/15 Konseptrapport - utbyggingsplan for Førde sentralsjukehus

Oppsummering

Helse Førde har over tid arbeidd med å utvikle og tilpasse tenestene i føretaket og skape eit betre finansielt grunnlag for å investere i utvikling av bygg og anna infrastruktur. I utviklingsplanen for føretaket er det gjort vurdering av framtidig behov for tenester, korleis tenestene bør ytast og kva føretaket må gjere for å legge til rette for auka behov for tenester. Det er også vurdert kva konsekvensar dette har for utvikling av bygningsmassen.

For Førde sentralsjukehus er det laga ein arealplan. I tråd med rettleiar for tidligfaseplanlegging av sjukehusbygg har dei vore gjennom ein idéfase som er vidareført til konseptfase, og konseptrapporten ligg no føre.

I samsvar med mandat frå idéfase er det utgreidd tre alternativ:

- Alternativ 1: «Arealplan FSS»
- Alternativ 2: «0-alternativ»
- Alternativ 3: «Nytt sjukehus»

Alternativ 1 er tilrådd. Det inneber ein omfattande oppbygging/oppgradering av eksisterande sjukehusbygg med noko nybygg m.a. for psykisk helsevern.

I den eksterne kvalitetssikringa er også vurderinga at alternativ 1 er det beste og at føretaket har dokumentert økonomiske evne til å handtere ei slik utbygging.

Prosjektet er kostnadsrekna til 1,52 milliardar eks. byggjelånsrenter, og det er søkt om finansiering på grunnlag av denne kalkylen.

Lånefinansiering er naudsynt og det blir tilrådd at prosjektet blir vidareført til forprosjekt når finansiering er klar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at alternativ 1 i konseptrapport «Arealplan FSS» blir vidareført til forprosjekt.
2. Kostnadsramma blir sett til 1,52 milliardar kr (eksklusiv byggjelånsrente) og blir lagt til grunn for lånefinansiering.
3. Prosjektet kan vidareførast til forprosjekt når finansiering er klar.
4. Helse Førde må fram mot forprosjekt og i forprosjektet svara opp manglar og vesentlege kommentarar frå ekstern kvalitetssikrar.

Sak 121/15 Stifting av nasjonalt helseforetak for samarbeid innan innkjøp

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Styresaka er felles for alle 4 RHF, og er difor ikkje skriven på nynorsk.

Oppsummering

I foretaksmøtet 7. januar 2014 ble de regionale helseforetakene bedt om å komme med forslag til hvordan en utvidet nasjonal innkjøpsorganisasjon kunne etableres. Svar på dette oppdraget ble levert Helse- og omsorgsdepartementet høsten 2014. I foretaksmøtet 7. januar 2015 ble nytt oppdrag gitt hvor foretaksmøtet ba de regionale helseforetakene om å:

- Legge fram en plan for etablering av felles eid helseforetak for samordning av innkjøp innen 15. september 2015, jf. "modell A" i Utredning av nasjonal innkjøpsfunksjon – sluttrapport.
- Helseforetaket skal være etablert 1. januar 2016.
- Regionale ressurser og enheter skal innlemmes i helseforetaket innen 31. desember 2016. Helse Sør-Øst RHF ble bedt om å lede arbeidet.

Det er likelydende tekst i de tre andre protokollene mellom Helse- og omsorgsdepartementet hhv og Helse Nord RHF, Helse Midt-Norge RHF og Helse Vest RHF.

De fire RHF-direktørene ble enige om å løse det nye oppdraget gjennom å etablere et nasjonalt prosjekt med en prosjektgruppe og en styringsgruppe, og fastsatte deretter et prosjektdirektiv for gjennomføring i felles møte i februar 2015 (sak 022-2015). Prosjektrapport ble oversendt Helse- og omsorgsdepartementet i september 2015 og Helse- og omsorgsdepartementet ba i brev datert 22.09.15 Helse Sør-Øst RHF om å etablere selskapet på vegne av de fire regionene.

Det er lagt til grunn at Sykehusinnkjøp HF skal organiseres etter en desentralisert modell. Dette innebærer at helseforetaket vil ha ansatte med arbeidssted på ulike geografiske steder. Hovedkontoret er lagt til Vadsø, i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet. Departementet forutsetter i sitt brev datert 22.09.15 at rapporten med alle forslag og strategier legges til grunn for det videre arbeidet, og at milepælene for 1. januar 2016 og 31. desember 2016 nås i tråd med krav gitt i foretaksmøtet.

Etableringen av helseforetaket kan gjennomføres høsten 2015. Dette krever behandling og felles styresak i de regionale helseforetakene, hvor selve stiftelsen av helseforetaket er gjort når siste regionale helseforetak behandler stiftelsen av Sykehusinnkjøp HF.

Helseforetaket opprettes uten ansatte. Virksomhetsoverdragelser vil forankres i respektive styre før de gjennomføres.

I drøftingsprotokollen med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod blei det lagt vekt på:

«Enighet mellom partene at det forutsettes at konserntillitsvalgt og konsernhovedverneombud deltar i prosjektet med etablering av den nasjonale innkjøpsenheten.»

Administrasjonen følger opp dette.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtar å stifte Sykehusinnkjøp HF i henhold til vedlagte stiftelsesdokument, som omfatter styresammensetning, vedtekter og valg av revisor. Vedlagte foretaksavtale godkjennes. Det regionale helseforetakets administrerende direktør gis fullmakt til å signere dokumentene på vegne av styret.
2. Styret slutter seg til at hvert av de regionale helseforetakene skal ha en eierandel 25 prosent i Sykehusinnkjøp HF.
3. Som ledd i stiftelsen skal hver eier (de fire regionale helseforetak) skyte inn et innskudd på 1,25 millioner kroner. Som ledd i oppstart av driften i helseforetaket skal hver eier bidra med et lån på 0,5 millioner kroner.
4. Opprettelsen av Sykehusinnkjøp HF skjer i samarbeid med de øvrige regionale helseforetakene og i henhold til likelydende styrevedtak. Helseforetaket vil formelt være stiftet på det tidspunkt hvor samtlige av de fire likelydende styrevedtak er fattet.

Sak 122/15 Program for pasienttryggleik i Helse Vest - status per november

Oppsummering

Pasienttryggleik er vern mot unødig skade pga. helsetenesta sine ytingar eller mangel på ytingar. Ein reknar at halvdelen av dei skadane som oppstår i samband med pasientbehandling, kan ein unngå.

Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er ei vidareføring av Kvalitetssatsinga i Helse Vest og er den regionale oppfølginga av den nasjonale Pasientsikkerheitskampanjen/-programmet «I trygge hender». Visjonen er at Noreg skal ha verdas tryggaste helseteneste. Den spesifikke målsettinga er at talet på pasientskadar skal reduserast med 25% frå 2012 til utgangen av 2018. Dette svarer til ei halvering av skader som ein kan unngå. Programmet skal sjå til at tiltak som er starta både i den nasjonale pasientsikkerheitskampanjen/-programmet og i det regionale programmet i Helse Vest blir implementerte i alle relevante avdelingar i føretaka. Saka gjer greie for status i programmet for 2. halvår i 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 123/15 Oppsummering omdømme 2015

Oppsummering

Resultata frå omdømmemålinga 2015 viser at Helse Vest har klart å oppretthalde, eller forbetre, dei gode resultata frå 2014.

Innbyggerane på Vestlandet gir Helse Vest spesielt gode tilbakemeldingar når det gjeld resultatmåla knytt til tilfredsheit med det samla sjukehusstilbodet der dei bur, tiltru til at dei får den behandlinga dei treng og inntrykket av det nærmaste sjukehuset. Som resultata i 2013 og 2014 viste, seier også denne målinga at innbyggerane sitt inntrykk av det nærmaste sjukehuset er betre enn vurderinga av kva omdømme eller rykte dei trur sjukehuset har.

Innbyggerane opplevde ikkje i særskilt grad at sjukehusa på Vestlandet lever opp til visjonen om å fremme helse og livskvalitet. Ei årsak kan vere at det er ein differanse i assosiasjonen ein har til sjukehus og visjonen. Innbyggerane på Vestlandet har eit relativt dårlig inntrykk av ventetider, men denne oppfatninga verkar ikkje som ein drivar som verkar inn på omdømme direkte.

Resultata kan brytast ned på føretaksnivå og må gjennomgåande reknast som ganske gode. Det har vore ein tendens til at dei største føretaka gjer det best, mens dei minste har scora jamt over noko dårlegare. Dette er endra i 2015 målinga. Her ser vi at Helse Førde har ein kraftig framgang på nær alle område samanlikna med tidligare år. Føretaket har ein signifikant framgang og resultatet er på linje med dei største føretaka på mange område. Helse Fonna heng framleis litt etter og har fleire forbettringsområde for å komme opp på nivå med dei andre føretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 127/15 Lån til Pasientreiser ANS – Mine Pasientreiser

Oppsummering

Pasientreiser ANS, som er eit nasjonalt felleseigd selskap, er no i gjennomføringsfasen av prosjektet Mine Pasientreiser. Prosjektet har ein samla kostnad på om lag kr 65 mill. Nasjonalt AD-møte har under sak 025-2015 gitt sin tilslutning til finansiering av prosjektet. Helse Vest sin del utgjør 20%.

Pasientreiser ANS har no behov for å få tilført delar av finansieringa som ligg som føresetnad for gjennomføring av prosjektet.

Vedtak (samrøystes)

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å inngå låneavtale med Pasientreiser ANS med inntil kr 13 mill.

Sak 124/15 Eventuelt

Føretaksmøte 10.12.15 kl. 11.00:

Styreleiar oppsummerte frå føretaksmøtet.

Føretaksmøtet vedtok at dei regionale helseføretaka gjennom Sjukehusbygg HF skal gjennomføre konseptrapport for etablering av protonbehandling i Noreg. Frist for oppdraget vert sett til 1. august 2016.

Møte med Kvinnsland utvalet:

Styreleiar oppsummerte frå styreleiarane i RHF-a sitt møte med Kvinnsland utvalet.

Skriv og meldingar

Skriv og meldingar som var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 301015 - Rapportering frå verksemda pr. september 2015
- E-post frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 010915 - Arbeidsgrupper til arbeid med Nasjonal sykehusplan
- Brev frå dei fire regionale helseføretaka til HOD, dagsett 151015 – Svar på tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2015
- Brev frå dei fire regionale helseføretaka til HOD, dagsett 181115 - Felles indikatorsett for å måle etterlevelse av «den gylne regel»
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 251115 - Medikamentfrie tilbud i psykisk helsevern - oppfølging av oppdrag 2015
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 070415 - Oppdragsdokument 2015 - plan innanfor psykisk helsevern og TSB
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 150415 - Svar på brev om plan innanfor psykisk helsevern og TSB
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 251115 - Budsjettgrunnlag ISF og poliklinikk 2016

- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Statens helsetilsyn, dagsett 150915 - Orientering om tilsynssaker som gjelder Curato Røntgen
- Møtereferat frå RBU, dagsett 151015

Skriv og meldingar som var ettersendt til styret og delt ut i møtet:

- E-post frå Curato Røntgen til Helse Vest RHF, dagsett 061215 - Vedrørende brev fra Fylkesmannen i Rogaland
- Brev frå Curato Røntgen til Helse Vest RHF, dagsett 041215 - Vedrørende brev frå Fylkesmannen
- Kopi av brev frå Frank H. Moncrieff til Helseministeren, dagsett 041215 - Nytt universitetssykehus i Stavanger
- Møtereferat frå RBU, dagsett 111115
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 031215 - Innkalling til føretaksmøte 101215
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 091215 - Innkalling til føretaksmøte 161215
- Invitasjon til Sykehuskonferansen 2016

- - -

Lukka del:

Sak 125/15 og 126/15, blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 5.

Sak 125/15 Styret si eigenevaluering 2015

Oppsummering

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at styret for Helse Vest RHF og styra for helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i RHF-et.

Styret si eigenevaluering var gjennomført på elektronisk skjema. Resultatfil frå spørjeundersøkinga var sendt ut til styremedlemmene og blei gjennomgått og kommentert i møtet.

Styreleiar fråtro møtet medan styret evaluerte styreleiar sitt arbeid.

Nestleiar informerte styreleiar om tilbakemeldingane frå styret.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør i Helse Vest RHF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eigenevaluering og vurdering av AD må gjennomførast i alle HF-a og AS innan desember 2015. HF-a må nytte utarbeidd mal for HF-a.
3. Oppsummering blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 126/15 Vurdering av administrerende direktør og regulering av lønn

Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Det høyrer til styret å fastsette lønn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vurdering av administrerende direktør var gjennomført på elektronisk skjema og det blei gitt utfyllande kommentarar i møtet. Styreleiar informerer administrerende direktør om tilbakemeldingane frå styret i etterkant av styremøtet.

Vedtak (samrøystes)

Administrerende direktør si lønn blir regulert opp med 2,75 % med verknad frå 1. januar 2015.

Styret sitt kvarter

Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Torunn Nilsen

10.12. 2015

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

Sett:

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

Reidun Nyborg Johansen	Varamedlem
------------------------	------------